



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
155/25	Formannskapet	11.11.2025
	Kommunestyre	

Revisjon av VAR- føresegn 2025

Samandrag:

Kommunestyret har i sak 142/23 bede teknisk eining sjå på VAR- føresegna. Sist revisjon av føresegna var i 2014. Føremålet med gjennomgangen er å sikre eit oppdatert føresegn som tek høgde for endringar i lovverk og god forutsigbarheit for sluttbrukarane. Ein har sida sist revisjon innført innhenting av våtorganisk avfall og skal opne for behovsprøvd feiing. Dette tek ikkje

dagens føresegn høgde for. Etter innføring av matrikkellova og bygningsdelen i matrikkelen har alle bygg fått ein unik bygnings ID. Ein legg i ny føresegn opp til å nytte matrikkeldata i større grad ved fastsetting av kommunale gebyr. Vanylven kommune har i dag totalt 2025 avtalar i Komtek. Av dei er 756 registrert med reduserte gebyr. Ein opnar i dag for reduksjon i gebyret dersom du nyttar huset mindre enn 6

mnd, er einsleg eller at du nyttar bustadhuset som fritidseigedom. Tenkisk må i kvar søknad vurdere om det er grunnlag for reduksjon. Ein opplever i dag at mange eigedomar betalar feil gebyr då ikkje endringar vert fylt opp. T.d kan ein grunneigar betale feil gebyr over tid fordi tidlegare eigar hadde reduksjon i gebyret. Ved innføring av ny føresegn legg ein vekt på at det blir meir rettferdig fordeling av gebyra.

Saka blei sendt tilbake til administrasjonen etter at ordføraren hadde utarbeidd framlegg til ny VAR-føresegn. Teknisk eining har no gjennomgått framlegget og legg saka fram på ny.

Den største endringa i framlegget til ordføraren er at det vert lagt opp til innhenting av glas/metal som henteordning. Ei slik omlegging vil medføre eit investeringsbehov knytt til nye dunkar. I tillegg får ein ekstrakostnadar knytt til innhentinga. Ei oversikt over kostnadar finn ein i saksopplysningane.

Formannskapet 11.11.2025

Behandling:

VAR-føresegn - korrigeringar , foreslått av Paul Sindre Vedeld, Senterpartiet
VAR-føresegn 2025 med korrigeringar vert lagt ut på høyring i 6 veker etter forvaltningslova §37

Endringframlegg i leveringsordning, foreslått av Lena Marie Landsverk , Venstre
Vanylven kommune hentar restavfall 1 gong per måned, og våtorganisk kvar 14. dag, i perioden april-september. I perioden oktober-mars hentar kommunen restavfall kvar 14.dag, og våtorganisk 1 gong per måned.

Ordførar opplyste at han har sendt ut korrigert VAR-føresegn til formannskapsmedlemane.
Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

FO - 155/25 Vedtak

VAR-føresegn 2025 med korrigeringar vert lagt ut på høyring i 6 veker etter forvaltningslova §37

Kommunedirektøren si tilråding:

Dagens gebyrføresegn legg opp til for mange variablar og er ikkje oppdatert etter innføring av våtorganisk avfall og behovsprøvd feiing. Det er derfor naudsynt med revisjon av gjeldande føresegn. Vanylven kommune har i dag ei bringeordning på glas og metal. Den nye føresegna legg opp til at ein skal erstatte denne ordninga med ei henteordning.

1. Ein vedtek ny VAR-føresegn slik den ligg føre. Ein har hatt føresegna på høyring utan at det kom innspel frå private. Formannskapet har i arbeidsmøte kome med sine innspel som er vurdert i arbeidet med ny føresegn. Den nye føresenga tek høgde for innføringa av våtorganisk avfall (2023-2024), behovsprøvd feiing (2025-2026) og innføring av innhenting av glas/metal som henteordning. Gebyrføresegna skal vere gjeldande frå 01.01.2026.
2. Teknisk får fullmakt til å starte prosessen med innføring av glas/metal som henteordning. Herunder gjennomføre investeringar som vist i saksopplysningane knytt til den nye ordninga. Ein legg til grunn at det er behov for innkjøp av nye dunkar og at utlevering av dunkar kan ta noko tid. Ordninga med innhenting av glas/metal vert derfor iverksatt straks det er mogleg å få til oppstart. I ei overgangsperiode beheld ein også dagens ordning med glasiglo plasserte rundt om i kommunen. Denne ordninga ser ein føre seg at ein kan fase ut innan 2-3 år. Kostnaden med innføring av henteordninga vert dekt av sluttbrukar og eit gebyr på kr 250,- pr abonnent vert lagt på i kommunale gebyr for 2026.

Vedlegg:

Revidert VAR-føresegn 04.11.2025

Vareliste kommunale gebyr - 2025

Saksopplysningar:

VAR-området bygger på sjølvkostprinsippet der kostnadane med levering av ei vare skal dekkast av brukarane. Sjølvkostprinsippet legg til grunn kva inntekter ein har i forhold til kostnad med å levere ei vare der rekneskapet skal gå i null ilt 5 år. Det er derfor svært viktig for alle at ein har system som legg opp til ryddig og enkel forvaltning, og som gir forutsigbarheit

til sluttbrukarane. Ein har i dag reduksjonsordning for einslege, fellesløyisingar og dei som brukar huset mindre enn 6 mnd i året. Dette medfører at ein har fleire ledd som må fyllast opp manuelt. Teknisk eining har ikkje moglegheit til å kontrollere om eit bygg er i bruk 2, 6 eller 12 mnd, om eit bustadhus er nytta som fritidseigedom eller om ein har rett på redusert gebyr for at ein er einsleg. Spesielt bruken av eit bygg og om ein er einsleg er punkt det er uråd å ha kontrollen på til kvar tid. Ein opplever i dag at det er få som melder tilbake om endra bruk eller sivilstatus. Om ein har betalt feil gebyr skal ein krevje tilbakebetalt inntil 3 år tilbake i tid. Dette er ei problemstilling som ofte er krevjande både for kunde og oss som skal forvalte systemet. Det er då ein ser viktigheita med eit eintydig regelverk slik at reglane er klare for alle.

I den nye føresegna legg ein opp til bruk av bygningskode som vert henta direkte frå matrikkelen. Ei bygningskode vert tildelt i byggemeldinga og skal følge bygget til det vert reve eller brent. Bygningskodene er standardisert for ulike type bygg. Ein slik modell vil gi betre forutsigbarheit både for sluttbrukar og kommune. Ein legg då opp til at ein einebustad (kode 111) skal betale same gebyr uavhengig av bruk og sivilstatus. Då vil alle som eig einebustad betale same gebyret.

Det blei i 2022 endringar i lovverket kring feiing og tilsyn. Det blei då innført behovsprøvd feiing for bustadhus og fritidseigedomar. I 2023-24 vart det utført feiing og kartlegging av framtidige behov. Ein kan no legge opp til at feiing vert utført behovsprøvd med hyppigheit mellom 2-8 år. Ein slik modell tek ikkje dagens føresegn høgde for, då ein har lik pris på denne vara uavhengig av hyppigheit. Eindringane ein legg opp til vil i hovudsak medføre lågare avgifter for alle.

Uttrekk frå Komtek pr 01.11.25: (private abonnement)

·Vanylven kommune har i dag totalt 2216 avtalar i fagsystemet.

·Rest/papiravfall med 20% reduksjon = 184 avtalar

·Rest/papiravfall med 40% reduksjon = 19 avtalar

·Rest/papiravfall med 50% reduksjon = 132 avtalar

·366 avtalar med fritidsrenovasjon. Ein god del av dette er bustadhus som er nytta som fritidseigedom.

·331 avtalar med reduksjon på restavfall

·332 avtalar med reduksjon på papiravfall

·1895 avtalar med feiing.

·1039 avtalar med kommunalt vatn (ikkje medrekna private vassverk)

·592 avtalar med kloakk

·1173 avtalar med slam

Døme på endring av restavfall 140 liter: Her har vi i dag 127 avtalar som har 20 % reduksjon, 3 stk som har 40 % reduksjon og 60 avtalar som har 50 % reduksjon. Om alle hadde betalt ordinært gebyr som bustad (matrikkelkode 111) hadde alle som betalte ordinært gebyr betalt ca 400 kr mindre for denne vara i 2024.

Kostnadar knytt til innføring av henteordning glas og metall:

Alle som har renovasjon via Vanylven kommune må ved innføring av innsamlingsordning ha ein ny dunk på 140 L. Det vil seie at ein må kjøpe inn ca 1800 nye dunkar på 140 Liter.

I tillegg har ein prøvd å rekne inn løns- og driftskostnader knytt til henteordning.

1800 stk dunkar * 980 kr/dunk = ca 1 764 000 kr (Antal er basert på dagens avtalar og kostnad henta frå nettet. Kostnaden kan nok gå noko ned ved kjøp av større kvantum.

Kostnaden vert ei investering første driftsår med avskrivning over 5 år)

Lønskostnad ca 30 timar pr henterunde * 2 mann * 3-4 innhentingar pr år = 240 arbeidstimar.

Ca 95 000,- (snitt hentetid ordinær henterunde)

Driftskostnadar bil ca 8 000,- pr henteveke. (Drivstoff, avskrivning, verksted og andre driftskostnadar)

Driftskostnadar totalt ca 130 000-150 000,- pr driftsår.

Investeringsbehov 1,8 mill første året.

Parameter som ligg til grunn: 4% rente og 20 års levetid på dunkane vil medføre eit årsgebyr på kr 250 pr avtale.

Vurdering og konklusjon:

Teknisk eining ser behovet for at ein får meir standardiserte gebyr til sluttbrukar, og den som skal forvalte VAR- føreseigna. Dagens føresegn opnar for ordningar som er svært krevjande å fylle opp. T.d reduksjon for einslege og bruk av bustad frå 2-12 mnd i året. Ein har problem med å stette krav frå revisor på dokumentasjon kring fullstendigheit. Dagens føresegn opnar ikkje for fakturering for behovsprøvd feiing som lovverket opna for i 2022.

Innhenting av glas og metal er i dag ei ordning der ein har plassert ut glasisloar rundt om i kommunen. Desse er flittig brukte og ein opplever at brukarane er gode til å sortere ut denne fraksjonen. Ein legg opp til at denne ordninga på sikt skal fasast ut ved innføring av ny henteordning. Ein vil i overgangsfasen behalde igloane, men tenkjer at ein skal fase dei ut ila 2-3 år. Tøming av igloar vert i dag utført ved behov. Dette behovet ser ein føre seg vil gå ned ved innføring av ei henteordning.

Likestillingsmessige sider ved saka: Det vert med ny føresegn enklare å fastsette gebyr på kvar eigedom.

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: Lettare for kunde å kunne samle inn glas og metall.

Økonomiske konsekvensar: Ein har i dag 756 avtalar som vert fakturert med reduksjon.

Dei som har reduksjon i dag vil få eit litt høgare gebyr og dei som betalar ordinære gebyr, vil då få ein nedgang i gebyret. Henteordning for glas og metall krev innkjøp av ca 1800 nye dunkar. Ei investering som er estimert til ca 1,8 million kr som vert ført på sjølvkost.

Innføringa vil medføre ei gebyrauke på kr 250 pr år.

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør